

Hordaland Fylkeskommune,

Postboks 7900

5020 Bergen.

Sendt som epost til hfk@hfk.no

Høyringsuttale til « Avgrensa høyring av Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger» merka 2014/11042.

Fagrådet for Etnevassdraget er samansett av representantar frå fiskerettshavarane, brukarane/fiskarane og det offentlege. Utvalet har som oppgåve å gi faglege råd og uttalar i saker som gjeld forvaltninga av fiskeresursane i vassdraget, og til tilhøve som påverkar dette.

Me viser til høyringsuttale frå Etne Elveigarlag av 30.9.-15 , og gir vår støtte til denne.

Vidare ynskjer Fagrådet å gi ein tilleggsuttale for mellom anna å gi oppdaterte tal og resultat frå fiskefella i Etneelva.

Til den siste høyringsutgåva har me fyljande merknader.

3.2 Marint naturgrunnlag.

På side 13 om villfisk , 2. avsnitt,vert det hevda at vandringsrutene til dei anadrome artane ikkje er kartlagde. Undersøkingar utført av Havforskningsinstituttet viser at utvandrande laksesmolt frå Etneelva er å finna i ei klar vandringsrute frå tidleg i mai. Tilbakevandrande villaks er i fleire år registrert i fiskefella allereie i april, og varer heilt fram til oktober.

På side 14 er det vist til fangsttal frå fiskefella i Etneelva og mellom anna oppgitt uttak av 130 oppdrettslaks. For å gi eit rett bilde av uttaket av rømd oppdrettslaks i elva må ein også ta med fangstane av oppdrettslaks nedanfor fella i fiskesesongen. Vidare må ein også ta med det organiserte utfisket av oppdrettslaks nedanfor fella etter fiskesesongen og etter at fella er teken på land.

Rette tal for 2016 er :

Fiskefella	132 oppdrettslaks
Fangstrapportar frå sesongfiske nedanfor fella	60 oppdrettslaks
Organisert utfiske etter sesongen	46 oppdrettslaks
Sum	238 oppdrettslaks

4.2 Akvakulturanalyse for laks og regnbogeare.

På side 28 i avsnittet om analysen og sjukdommar er det viktig å presisera at dette ikkje begrensar seg til berre lakselus og rømd oppdrettslaks.

Havforskningsinstituttet sine undersøkingar av rømd oppdrettslaks i fiskefella i Etneelva viser ein urovekkande høg (ca. 80%) mengde fisk som er smitta , der heile fem ulike sjukdommar er påvist. Bekrefting på dette kan ein få ved å venda seg til instituttet.

4.5 Omsyn i arealplanlegging for akvakultur.

I siste avsnittet på side 30 vert det hevda at vandringsrutene for anadrome artar ikkje er kjende. Berre dei siste åra er det på dette området gjort undersøkingar som er til stor hjelp , og som teiknar eit klårare bilde av vandringsrutene.

4.7 Konsekvensar av planframlegget.

Me er uenig i at nye og større område til akvakultur og utviding av eksisterande anlegg er positivt med tanke på villaksen og sjøauren sitt eksistensgrunnlag.

Me er enig i at nye areal i utløpet av Hardangerfjorden kan ha negativ verknad på anadrom villfisk og på vandringsrutene.

Dette er eit klart regionalt ansvar og må ikkje overlatast til snevre lokale særinteresser.

Me vil på det sterkaste protestera mot ei utvikling der det no vert lagt til rette for nye akvakulturområde og utviding av eksisterande anlegg i vandringsruta til Etnelaksen og fleire andre villaksstammer i Hardangefjordssystemet.

Etne 11. mai 2017.

Fagrådet for Etnevasstraget

Vidar Børretzen

leiar